



Alle kommunane i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon

Andreas Lilleheier Aarset, 71 25 85 77

## Rundskriv 2022-1 RMP - Kommenterar til Forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket, Møre og Romsdal

Dette rundskrivet erstattar Rundskriv 2021-1 RMP

### Innleiing

Regionale miljøtilskot skal stimulere til ein auka miljøinnsats i jordbruket. Miljøutfordringane er ulike rundt om i landet. Miljøtilskota er derfor utforma for å ivareta dei regionale miljøutfordringane. Kwart fylke har sitt miljøprogram som dekker ei rekke miljøtema: kulturlandskap, biologisk mangfald, kulturminne og kulturmiljø, friluftsliv, avrenning til vatn, utslepp til luft, plantevern, miljøavtale og klimarådgeving.

2022 er det siste året i denne 4-årige planperioden for regionale miljøtiltak i jordbruket vi er inne i. Forskrifta er bygd over same mønster i alle fylke, jf. nasjonal instruks for regionale miljøtilskot, men kvart fylke kan velje mellom dei tiltaka som ligg i det nasjonale miljøprogrammet og prioritere mellom desse. Dette fordi miljøutfordringane kan variere frå fylke til fylke. Endringar av satsane er i tråd med prop. 120S(2021-2022) Jordbruksoppgjøret 2022.

Kapittelinnendinga følgjer tilsvarande inndeling i forskrifta. Kapittel 1 inneheld innleiande føresegner, kapittel 2-7 inneheld dei ulike tiltaka og kapittel 8 inneheld generelle føresegner.



## Innhald

Innleiing .....	1
Kapittel 1. Innleiande føresegner.....	3
§1. Føremål .....	3
§2. Verkeområde .....	3
§3. Grunnvilkår.....	3
Kapittel 2. Kulturlandskap.....	3
§4. Drift av bratt areal.....	3
§5. Tilskot til drift av beitelag.....	4
§6. Tilskot til slått av verdifulle jordbrukslandskap.....	4
Kapittel 3. Biologisk mangfold .....	6
§7. Tilskot til slått av slåttemark .....	6
§8. Tilskot til beiting av kystlynghei .....	6
§9. Tilskot til tilrettelegging av hekke- og beiteområde for fugl .....	7
Kapittel 4. Kulturminne og kulturmiljø.....	7
§10. Tilskot til drift av seter .....	7
§11. Tilskot til skjøtsel av enkeltstående freda kulturminne .....	9
Kapittel 5. Avrenning til vatn og kyst .....	9
§12. Tilskot til ingen jordarbeiding om hausten .....	9
§13. Tilskot til grasdekt kantsone i åker.....	9
§14. Tilskot til vedlikehald av fangdam.....	10
Kapittel 6. Utslepp til luft .....	10
§15. Tilskot til spreing av husdyrgjødsel i vår-/vekstsesonen .....	10
§16. Tilskot til nedfelling eller nedlegging i vår-/vekstsesonen .....	11
§17. Tilskot til bruk av tilførselslanger .....	11
Kapittel 7. Miljøavtale og klimarådgeving.....	12
§ 18. Tilskot til klimarådgeving.....	12
Kapittel 8. Generelle føresegner .....	12
§ 19. Utmåling og utbetaling av tilskot .....	12
§ 20. Søknad.....	13
§ 21. Administrasjon, dispensasjon og klage .....	13
§ 22. Opplysningsplikt og kontroll.....	13
§ 23. Avkorting av tilskot.....	13
§ 24. Tilbakebetaling og renter m.v. ....	14
§ 25. Iverksetjing.....	14



## Kapittel 1. Innleiande føresegner

### §1. Føremål

Føremålet med denne forskrifta er å bidra til å ta vare på jordbruket sitt kulturlandskap, biologisk mangfald, kulturmiljø og kulturminne, redusere utslepp til luft og avrenning til vatn frå jordbruket samt bidra til andre tiltak som kan redusere klimautslepp.

Det langsiktige målet for dette miljøprogrammet er å utarbeide tiltak som medverkar til eit miljøvennleg landbruk, som også har økonomisk berekraft. Samstundes skal landbruket ivareta verdiar som samfunnet ønskjer å prioritere, slik som det opne og velstelte landskapet med kulturminne og biologisk mangfald.

### §2. Verkeområde

Forskrifta gjeld for tilskot til miljøtiltak i Møre og Romsdal fylke.

#### Kommentar

*Føretak med driftssenter i eit anna fylke, som utfører miljøtiltak i Møre og Romsdal, kan få tilskot til desse tiltaka etter reglane i Møre og Romsdal.*

### §3. Grunnvilkår

Tilskot til miljøtiltak etter denne forskrifta kan berre gjevast til:

- føretak som har gjennomført tiltak på areal dei disponerer i søknadsåret samt driv vanleg jordbruksproduksjon på ein eller fleire landbrukseigedomar og er registrert i Einingsregisteret, eller
- beitelag, jf. § 5, som er godkjent av kommunen og som er registrert i Einingsregisteret, jf. enhetsregisterloven av 13.06.1994, nr. 15.

#### Kommentar

*Grunnvilkåra svarar til vilkåra for å mota produksjonstilskot. I tillegg kan beitelag godkjende av kommunen søkje om tilskot til drift av beitelag.*

## Kapittel 2. Kulturlandskap

### §4. Drift av bratt areal

Tilskot kan gjevast til føretak som driv minimum 5 dekar fulldyrka eller overflatedyrka jord med ei helling på 1:5 eller brattare. Det må takast avling på arealet. Dersom grasproduksjon må arealet haustast ved slått til fôr.

#### Kommentar

*Føretaket må drive minimum 5 daa bratt areal for å kunne søkje om tilskot til skjøtsel av bratt areal. Arealet skal ha ei gjennomsnittleg helling på 1:5 eller brattare. Areal som ligg for seg sjølv, omkransa av areal med andre arealtilstandar enn fulldyrka/overflatedyrka jord, kan takast med i søknaden, dersom det er minst 1 daa.*



Arealta kjem fram etter teikning i kartet i eStil. Arealet må fordelast rett på kategoriane 1:3 og 1:5, sjølv om det ikkje er forskjell på sats.

**NB! Areal som vert skjøtta berre med beiting, gir ikkje rett til tilskot i dette tiltaket.**

## §5. Tilskot til drift av beitelag

Tilskot kan gjevast til drift av beitelag som organiserer felles beitebruk i utmark i minimum 5 veker i sommarhalvåret.

Kommentar:

Føremålet med tiltaket er å legge tilhøva til rette for best mogeleg utnytting av beite i utmark, og å redusere tap av dyr på utmarksbeite gjennom organisert tilsyn, organisert sanking og andre målretta fellestiltak i beiteområde.

**Søknadsfristen er 15. november.**

Tilskot kan gjevast til beitelag som organiserer felles beitebruk for sau, geit, storfe og hest i utmark i minimum 5 veker i sommarhalvåret. Tilskot kan gjevast med eit fast beløp per storfe/hest og per småfe som blir sleppt på beite.

Mjølkkande kyr og geiter, og dyr som heile beitesesongen beitar på innmark, er ikkje omfatta.

Godkjenning og krav til beitelag:

Eit beitelag må ha minst 2 medlemmar og 150 småfeiningar.

1 småfeining = 0,1 storfe = 0,1 hest = 1 sau = 1 lam = 1 geit = 1 kje.

1. Husdyrhaldet som er omfatta av beitelaget si verksemd, må drivast i samsvar med lover og forskrifter som gjeld for husdyrhald.
2. Beitelaget må vere registrert i Einingsregisteret.
3. Laget skal vera ope for alle brukarar som har tilgang til utmarksbeite i eit område der samarbeid kan fremje bruken av beiteområda
4. Laget skal bruke alle tilskot til å fremje den organiserte beitebruken i området gjennom felles tiltak. Tilskotet kan ikkje betalast direkte ut til medlemmane i beitelaget.
5. Laget skal organisere effektivt og forsvarleg tilsyn og sanking av dyr i laget sitt område. Det skal gjennomførast tilsyn i beiteområdet minst ein gong per veke, i samsvar med «Forskrift om velferd for småfe».
6. Laget skal samarbeide med tilgrensande lag når det kan effektivisere ressursbruk og utnytting av beita. Dette gjeld særleg sanking og ettersanking.
7. Laget skal notere på fastsett skjema opplysningar om gjennomført tilsyn (dato, tilsynsrunde, unormale tilhøve i beiteområdet og tiltak som er sett i verk). Norsk Sau og Geit har utarbeidd skjema og notisbøker for føremålet. Statsforvaltaren og kommunen kan be om å få lagt fram denne dokumentasjonen.
8. Laget skal sende årsrapport på fastsett skjema til kommunen

## §6. Tilskot til slått av verdifulle jordbrukslandskap

Tilskot kan gjevast til føretak som driv jordbruksareal innanfor nærare avgrensa soner med særleg verdifullt kulturlandskap.



## Kommentar

Det er prioriteringane i dei nasjonale registreringane av verdifulle kulturlandskap og registreringane i Storfjordprosjektet som ligg til grunn for dette tiltaket. Det er ikkje rom for nye område under dette tiltaket. Sjå [kart for dei ulike kommunane](#). Områda er avgrensa slik:

1. *Sunndal kommune*  
*Grøvuvasdraget; alt areal som har avløp til elva Grøvu frå og med Børstølen og oppover.*
2. *Molde kommune*
  - a. *Eikesdalen; alt areal frå og med gardane Vike og Hoem og oppover*
  - b. *Areala på Bugge; frå og med Breivika til og med Bleineset*
  - c. *Tautra*
3. *Rauma kommune*  
*Romsdalen; alt areal frå Trollveggen til Oppland grense*
4. *Fjord kommune*
  - a. *Alt areal i nedslagsfeltet til Dyrkornvassdraget og Stordalsvassdraget ovanfor Vad bru (Nøredalen)*
  - b. *Alle bygdene på sørsida av fjorden frå og med Tafjorden til og med Indreeide*
5. *Stranda kommune*  
*Heile Geirangerbygda og alle fjordvendte gardar på begge sider av fjorden frå og med Ljøen til og med Liene, vidare på nordsida av fjorden frå og med Ansok til grensa mot Fjord kommune.*
6. *Ørsta kommune*  
*Norangsfjorden og Norangsdalen*
7. *Herøy kommune:*  
*Runde, Nerlandsøya og Skorpa*
8. *Giske kommune*  
*Området ved Alnes fyr*
9. *Hustadvika kommune*
  - a. *Buaværet og alt areal vest for Nasjonal Turistveg frå Bergset til grensa mot Eide kommune*
  - b. *Vevangbygda og Årsbogen*
10. *Averøy kommune*  
*Øyane langs Atlanterhavsvegen samt eksisterande jordbruksareal i områda nordaust for Atlanterhavsvegen, til og med Storesandøy, Hasseløyseter og området rundt Vågavatnet. Deretter går avgrensinga sørover til Rangøyvegen og følgjer denne til krysset med fylkessveg 64 (Kårvågvegen). Mot sør vert området avgrensa av Kårvågvegen mellom krysset med Rangøyvegen og krysset med Atlanterhavsvegen, vidare av Tøvikvegen (kommuneveg 6072) så langt vest som til og med Grovaneset.*
11. *Smøla kommune*  
*Sørsmøla; alle gardane frå og med gnr. 14 Kuløy, til og med gnr. 42 Skarpnes. Tiltaket omfattar ikkje dei nydyrka myrane på Holmsvassmyra, Røkmyra og Jøstølmyra*



## 12. Ålesund kommune

*Heile Ulla, unnateke fjellet. Frå «bruvegen» på Flem og heile nordsida av Flemsøy/ Skuløy til og med nordlegaste garden på Nogva.*

*Det kan gjevast tilskot til areal som ligg innanfor desse sonene, når dei er godkjende for areal- og kulturlandskapstilskot i produksjonstilskot.*

***NB! Areal et må haustast ved slått. Berre beiting (beiting åleine eller i kombinasjon med beitepussing) kvalifiserer ikkje lenger for dette tilskotet.***

*Føretak kan få berekna tilskot for arealet som ligg innanfor sonene, uavhengig av kvar driftssenteret er plassert.*

## Kapittel 3. Biologisk mangfold

### §7. Tilskot til slått av slåttemark

Tilskot kan gjevast til føretak som skjøttar artsrike slåttemarker som er spesielt verdfulle for biologisk mangfold i kulturlandskapet. Det er ein føresetnad at føretaket følgjer skjøtselsråd gitt av Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

#### Kommentar

*Føremålet er å stimulere til skjøtsel av artsrike slåttemarker, slik at ikkje det biologiske mangfoldet eller andre kvalitetar vert forringa. Det er miljøvernavdelinga som er kontaktpunkt hos Statsforvaltaren for desse spørsmåla. Miljøvernavdelinga kan også utarbeide skjøtselsplan for den enkelte slåttemarka.*

#### Vilkår:

- 1. Areal som skal ha tilskot må ligge i Naturbase eller vere registrert av statsforvaltaren og planlagt innlagt i Naturbase som slåttemark.*
- 2. Areal et må vere i slik hevd, at dei verdiane som ligg til grunn for utveljinga framleis er til stades, eller vil komme attende ved planlagt restaurering.*

#### Skjøtselsråd:

- 1. Areal et må skjøttast som slåttemark.*
- 2. Areal et må slåast seint, vanlegvis etter 10. juli.*
- 3. Høy et må bakke- eller hesjetørkast.*
- 4. Høy et må fjernast etter tørk.*
- 5. Areal et må slåast med lette reiskap som ljà eller tohjuls slåmaskin.*
- 6. Areal et må ikkje bearbeidast i form av pløying, såing, gjødsling eller sprøyting.*
- 7. Areal et kan i tillegg bli haustbeita med lågt beitetrykk.*
- 8. Framande artar kan/bør fjernast.*

### §8. Tilskot til beiting av kystlynghei

Tilskot et kan gjevast til føretak som held vedlike område med kystlynghei. Område det blir gitt tilskot til må vere registrert som kystlynghei i Naturbase. Søkjaren må inngå skjøtselsavtale med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, for å sikre at tilstanden på kystlyngheia blir halden ved like.



Dyrehold skal vere i tråd med krava i Lov om dyrevelferd av 19. juni 2009 nr 97.

#### Kommentar

*Føremålet er å stimulere til tradisjonell skjøtsel av kystlynghei gjennom sauebeite. Miljøvernavdelinga kan utarbeide ein tilpassa skjøtelsplan.*

*Det skal leggast vekt på dyrevelferd. I tiltaket er det eit krav om minst 10 daa beiteareal per vaksen sau. Det skal førast tilsyn med dyra minst ein gong i veka, i samsvar med «Forskrift om velferd for småfe». Dersom kvaliteten på beitet er slik at 10 daa beiteareal per vaksen sau ikkje er nok til at dyra har tilfredsstillande førtilgang, må dyretalet reduserast. Beitetrykket bør vere stort nok til å oppretthalde kvaliteten på kystlyngheia. Tilskotet vert automatisk avgrensa til maksimalt 50.000 kroner per føretak.*

### §9. Tilskot til tilrettelegging av hekke- og beiteområde for fugl

Det kan gjevast tilskot til tilrettelegging av hekkeplassar for utryddingstruga fugleartar, dersom det er inngått avtale med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal for gjeldande sesong.

#### Kommentar

*Føremålet er å verne dei fugleartane som over lang tid har tilpassa seg hekking på kulturmark. Effektivt jordbruk, særleg tidlegare hausting, kan slå ut heile bestandar av fugleartar som tradisjonelt hekkar i slåttemark. Både egg, ungar og vaksne fuglar blir øydela i grashaustinga, fordi haustinga no skjer før eggene er klekte eller ungene har forlate reirområdet. I tillegg vert areal ofte hausta frå kanten og inn mot midten, noko som avskjer rømningsvegane for fuglane. Dersom arealet vert hausta, bør det skje slik at fuglane kan kome unna.*

*Føretak kan få tilskot til å setje av areal, der det er registrert at utryddingstruga fugleartar hekkar, slik at dette arealet ikkje blir slått før ungene har forlate området. Tidlegaste slåttedato for slikt areal er sett til 1. august.*

*Åkerrikse er den mest kjende utryddingstruga fuglearten som hekkar på innmark i vårt område, men storspove, vipe og grashoppesongar er også trua, og kan kvalifisere for tilskot. Det er Miljøvernavdelinga hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal som inngår ein et årleg avtale, avgjer kva fugleartar som kvalifiserer for vern, og kor mykje areal som må setjast av for at hekkeplassen skal ha tilstrekkeleg vern. Arealet må kartfestast i avtale mellom bonden og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.*

## Kapittel 4. Kulturminne og kulturmiljø

### §10. Tilskot til drift av seter

Tilskot kan gjevast til føretak som har heile eller deler av mjølkeproduksjonen på seter i minst 6 veker i sommarhalvåret. Det må produserast minst 45 liter kumjøl eller 25 liter geitmjøl dagleg i setringsperioden. Produksjonen må skje innanfor kvote, eller i samsvar med forskrift om fritak frå overproduksjonsavgift ved lokal foredling av mjøl.



Det kan søkjast på ein av de fire ulike tiltaka:

- Minst 4 veker drift av enkelt- eller felleseter med mjølkeproduksjon
- Minst 6 veker drift av enkelt- eller felleseter med mjølkeproduksjon
- Minst 4 veker drift av enkelt- eller felleseter med foredling
- Minst 6 veker drift av enkelt- eller felleseter med foredling

#### Kommentar

*Føremålet er å bidra til å oppretthalde og stimulere til auka bruk av setrane i fylket. Dette for å ta vare på, vidareføre og vise fram setermiljøet og halde ved like det biologiske mangfaldet, som er knytt til denne driftsforma. Føremålet vil gjelde både dei sidene av seterkulturen som er knytt til bygningar, foredling av mjølka og til stell av landskapet ved beiting og slått. Dyra skal mjølkast på setra.*

*Godkjenning av nye setrar må sjåast i samanheng med det som finst av tradisjonell seterkultur på staden og om det har vore seter ein gong. Jord som tidlegare har vore brukt til vanleg jordbruksdrift med busetnad heile året, skal i regelen ikkje godkjennast. Det er med andre ord ein føresetnad at seterområdet er eit tillegg til den daglege gardsdrifta, i eit område der det ikkje er naturleg å bu heile året.*

#### Drift av enkeltseter med mjølkeproduksjon

*Føretak som har kyr eller geiter fordelt på to eller fleire setrar, kan berre få eitt setertilskot. Derimot kan føretak som har kyr på ei seter og geit på ei anna, få tilskot for to setrar.*

#### Drift av felleseter med mjølkeproduksjon

*Der fleire samarbeider om setringa, skal tilskotet fordelast på tal deltakarar i fellesetra. Deltaking er uavhengig av om føretaket har skote inn eigarkapital i setra eller ei. Det avgjerande spørsmålet er kor mange som har hatt mjølkeproduksjon på setra i minst 4 veker eller 6 veker eller meir i sommarhalvåret.*

*På ei seter kan det vere fleire seterhus, der ulike føretak driv seter. For at seterdrifta til eit føretak skal definerast som eiga seter og ikkje felleseter, skal det ikkje vere nemnande samarbeid med andre føretak om drifta. Kvart føretak skal til dømes ha kvart sitt husdyrrom til mjølking, med eige mjølkeanlegg og tank.*

*Alle deltakarane i fellesetra fyller ut sitt eige søknadsskjema, og fører opp tal deltakarar på kvart sitt skjema. Ved søknad om tilskot til felleseter, skriv alle søkjarane inn same tal deltakarar på setra. Kommunen må sjå til at alle på den same fellesetra fører opp/får godkjent like mange deltakarar, elles vert tilskotet feil utmålt, og det kan bli betalt ut både for lite og for mykje tilskot.*

#### Drift av enkeltseter med foredling

*Føretak som driv seter, kan også få tilskot til foredling av mjølk. På seter der føretaket får tilskot til foredling, bør det vere mogeleg å få kjøpe lokalt foredla mjølkeprodukt. Å vise fram seterkulturen ved demonstrasjon av tradisjonelle driftsformer som kinning, separering, ysting, ljåslått, hesjing osv. vil vere svært positivt. På denne måten kan besøkande få oppleve seterkulturen både ved smak og ved å delta aktivitetar.*





#### Vilkår for tilskot for foredling

1. *Det skal bu folk på setra i minst 4 veker eller 6 veker eller meir om sommaren.*
2. *Mjølka skal vidareforedlast på setra.*
3. *På setra skal det vere hus for opphald og overnatting, fjøs og rom for handtering av mjølka.*
4. *Drifta skal ha godkjenning av Mattilsynet.*

#### Drift av felleseter med foredling

*Alle deltakarane i fellesetra fyller ut sitt eige søknadsskjema, og fører opp tal deltakarar på kvart sitt skjema. Det er berre dei som deltek i foredlinga som skal føre opp dette tiltaket. Det kan vere eit mindre tal enn tal deltakarar i felleseter.*

### **§11. Tilskot til skjøtsel av enkeltstående freda kulturminne**

Tilskot kan gjevast til føretak som skjøttar automatisk freda gravminne på areal som grenser til eller ligger på jordbruksareal. Med «grenser til» meinast at kulturminnet ligg slik til at det er ein naturleg del av jordbrukslandskapet som blir skjøtta. Gravminnet skal vere lagt inn i kulturminnebasen Askeladden. Gravminnet skal ikkje vere sterkt skada eller øydelagt.

#### Kommentar

*Aktuelle register for kulturminne:*

- *Riksantikvaren sin database «Askeladden»*
- *Økonomisk kartverk*
- *Møre og Romsdal fylkeskommune sitt arkeologiske arkiv*

*Gravminnet skal skjøttast på ein måte som gjer det synleg og tilgjengeleg. Aktuelle skjøtselstiltak er manuell slått eller beiting. Det skal ikkje brukast maskiner som kan skade kulturminnet. Dersom gravminnet er forringa på grunn av attgroing, skal det ikkje godkjennast for tilskot. Det kan gjevast tilskot til inntil 20 gravminne per føretak.*

## **Kapittel 5. Avrenning til vatn og kyst**

### **§12. Tilskot til ingen jordarbeiding om hausten**

Tilskot kan gjevast til føretak som utset jordarbeiding av kornareal til våren. Tilskot kan gjevast til område ved særleg utsette vassdrag, når dette er fastsett i tråd med vassforskrifta<sup>1</sup>. I vårt fylke er ordninga avgrensa til å gjelde areal der det blir dyrka korn i nedslagsfelta til elvane Surna, Driva og Rauma. Desse elvane ligg i kommunane Surnadal, Sunndal og Rauma.

Aktuelle område er kartfesta, og areal som det blir søkt tilskot for må teiknast inn i kart i eStil.

Føremålet er å unngå jordarbeiding om hausten, for å redusere erosjon og avrenning av næringsstoff frå ope åkerareal. Tiltaket skal også støtte opp under arbeidet med vassforskrifta.

### **§13. Tilskot til grasdekt kantsone i åker**

Tilskot kan gjevast til føretak som har kantsoner med fleirårig grasdekke mellom åkerareal og vassdrag. Føremålet er å hindre/ redusere erosjon og avrenning frå åkeren og rett i vassdraget.

---

<sup>1</sup> Forskrift 15. 12.2006 nr 1446 Forskrift om rammer for vannforvaltningen



Ordninga gjeld areal der det blir dyrka korn, poteter og grønsaker i nedslagsfelta til elvane Surna, Driva og Rauma samt i Smøla kommune.

#### Kommentar

*Sona det blir gitt tilskot for, skal ha ei breidde må minimum 8 meter målt frå normalvasstanden i vassdraget. Minst 6 meter må ligge på dyrka areal.*

*NB! Ei kantsone skal vere ei kantsone og ikkje ein teig med grasproduksjon som ligg mellom eit åkerareal og ei elv. Det er òg eit vilkår at kantsona ligg ned mot ei elv og ikkje mot skog eller anna vegetasjon.*

### §14. Tilskot til vedlikehald av fangdam

Tilskot kan gjevast til føretak som har fangdam som er etablert på eller i tilknytning til jordbruksareal. Føremålet med tilskotet er å stimulere til at fangdammar utgjier eit effektivt rens tiltak og at vegetasjon i tilknytning til fangdammane blir skjøtta. Tilskotet kan bli gitt årleg dersom fangdammen har tilfredsstillande renseseffekt.

#### Kommentar

*Effekten går ned etter kvart som sedimentasjonskammera blir fylt opp. Dammen skal derfor tømmast ved behov. Godkjent areal er sjølve dammen (vasspegel) med tersklar og tilhøyrande kantar.*

## Kapittel 6. Utslepp til luft

### §15. Tilskot til spreieing av husdyrgjødsel i vår-/vekstsesonen

Tilskot kan gjevast til føretak som spreier all husdyrgjødsel som føretaket brukar på sitt jordbruksareal om våren eller i vekstsesonen. Føremålet er å stimulere til at husdyrgjødsel og biorest blir spreidd på eit mest mulig gunstig tidspunkt for plantevekst. Siste frist for all spreieing av husdyrgjødsel på føretaket er 10. august, og avlinga må haustast ved slått eller beiting etter siste spreieing.

Det må vere spreidd ei gjødselmengd tilsvarande minimum 5 kg totalnitrogen pr. daa, i tråd med gjødslingsplan. Kor stor gjødselmengd 5 kg total-N tilsvarer i volum vil variere både med dyreslag og kor mykje vatn som er tilsett. Ei veldig grov rettesnor er at dette tilsvarer ca. 1 tonn blautgjødsel pr. daa. Noko meir dersom det er tilsett mykje vatn. For sau kan ein rekne 1 kg N pr. dyr pr. månad.

Føretaket skal ha skiftenoteringar som viser spreiedato(ar) og spreiemengde for kvart skifte.

#### Kommentar

*Det kan ikkje bli gitt tilskot dersom deler av gjødselmengda frå føretaket blir spreidd på areal disponert av andre jordbruksføretak etter fristen 10. august. Det kan berre gjevast tilskot for areal som føretaket sjølv disponerer. Det er ikkje krav om eige husdyrhald. Dette betyr at t.d. deltakar i samdrift som sjølv står for fôrproduksjon kan søke om tilskot for tidlegspreieing av husdyrgjødsel produsert av samdrifta. Ein kornprodusent kan også kjøpe husdyrgjødsel og søke om tilskot for tidlegspreieing forutsatt at vilkåra elles er oppfylt.*

**Vilkåra for tiltaket:**

- Spreiing av all husdyrgjødsel på eller frå føretak innan 10. august
- Arealet må haustast ved slått eller beiting etter siste spreiiing
- Minimum gjødselmengde tilsvarande 5 kg total-N per daa
- Føretaket må disponere arealet det blir søkt på

*Føretak som mottek dette tilskotet kan ikkje samtidig motta tilskot for nedlegging eller nedfelling av husdyrgjødsel.*

**§16. Tilskot til nedfelling eller nedlegging i vår-/veksts sesongen**

Tilskot kan gjevast til føretak som brukar nedfellings- eller nedleggingsutstyr for spreiiing av husdyrgjødsel. Føremålet med tilskotet er å stimulere til at husdyrgjødsel og biorest blir lagt rett ned på jorda (nedlegging) eller blanda direkte i jordsmonnet (nedfelling) i staden for tradisjonell breispreiing. Dette vil motverke tap av ammoniakk til lufta.

Det er krav om same minimumsmengd husdyrgjødsel som for tidlegspreiing, dvs. minst 5 kg total-N pr. daa. Arealet skal haustast ved slått eller beiting etter siste spreiiing. Ved spreiiing i open åker er det krav om nedmolding innan to timar. Føretaket skal ha skiftenoteringar som viser spreiedato(ar) og spreiemengd for kvart skifte.

Føretak som mottek dette tilskotet kan ikkje samtidig motta tilskot for tidlegspreiing (§ 15).

**§17. Tilskot til bruk av tilførselsslanger**

Dersom vilkåra i § 15 eller § 16 er oppfylt, kan det gjevast tilskot til føretak som spreier husdyrgjødsel ved hjelp av tilførselsslanger. Tilskotet kan gjevast til areal der det vert spreidd husdyrgjødsel ved hjelp av tilførselsslanger i staden for tankvogn.

Føremålet er å redusere utslepp til vassdrag og luft gjennom spreiemetode som medfører redusert jordpakking. Utslepp av lystgass, som er ein sterk klimagass, er størst i fuktig, tett jord med høgt innhald av nitrogen. Kombinasjonen av bæresvak jord, bruk av tungt utstyr, fuktig klima og store mengder husdyrgjødsel gjer at potensialet for utslepp av lystgass er stort i mange område. Bruk av tilførselsslanger for å transportere husdyrgjødsel ut på marka bidreg til å redusere køyreskader og jordpakking, og vil såleis vere eit tiltak som kan bidra til å redusere utsleppa av lystgass frå landbruket.

**Kommentar**

*Det kan gjevast tilskot til alt areal der det er brukt tilførselsslanger i staden for tankvogn for å transportere husdyrgjødsel ut på marka. Mengda må tilsvare minst 5 kg total-N pr. daa. Tiltaket føreset at vilkåra etter § 15 eller § 16 er oppfylt, dvs. at all husdyrgjødsel frå føretaket vert spreidd tidleg i veksts sesongen, seinast 10. august, eller at det er brukt nedfellings- eller nedleggingsutstyr. Det er også eit vilkår at avlinga blir hausta ved slått eller beiting etter siste spreiiing.*



## Kapittel 7. Miljøavtale og klimarådgeving

### § 18. Tilskot til klimarådgeving

Det kan gjevast tilskot til føretak som har gjennomført klimarådgeving i perioden frå 15. oktober i året før søknadsåret til 15. oktober i søknadsåret. Føremålet er ein heilskapleg gjennomgang av utslepp og opptak av klimagassar på garden med sikte på kunnskapsoppbygging hos bonden og å gjennomføre klimatiltak.

Tiltaksplan og kvittering for utført rådgeving må leggest ved søknaden. Den som har stått for rådgevinga må vere godkjent som klimarådgjevar av Landbruksdirektoratet. På heimesida til Landbruksdirektoratet, under ordninga «Regionalt miljøtilskot i jordbruket (RMP)», er det lagt ut fylkesvis oversikt over alle som er godkjente som klimarådgjevarar. Tiltaksplanen må vere i tråd med dei krav som Landbruksdirektoratet stiller til tiltaksplanar for ordninga.

Det kan søkast om tilskot for klimarådgeving fleire gonger. Dersom det blir søkt om tilskot i fleire søknadsomgangar, er det eit vilkår at det er utarbeidd ein ny og oppdatert tiltaksplan.

Aktuelle tiltaksklasser:

To-til-ein-rådgeving	Tiltaksplan som omfattar fleire produksjonar. Eksempelvis både husdyrproduksjon og grovôrproduksjon.
Ein-til-ein-rådgeving	Tiltaksplan som omfattar ein enkel produksjon. Eksempelvis korn eller grønsaker.
Grupperådgeving	Tiltaksplan som er utarbeidd med bakgrunn i rådgeving retta mot to eller fleire føretak samla.

Det kan gjevast tilskot for berre ei gjennomført rådgeving per søknadsomgang.

#### Kommentar

*Vurderinga må skje for det enkelte føretak. Ein-til-ein rådgeving skal også brukast for føretak som berre har grovfôrproduksjon for sal (t.d. ei samdrift) og/eller anna planteproduksjon. Dette gjeld også føretak som berre har husdyrproduksjon på eitt eller fleire dyreslag.*

Ein-til-ein tiltaksklassen brukast også i dei tilfelle der drifta består av ulike produksjonar, men det i inneverande søknadsomgang ikkje kan utarbeidast ein tiltaksplan som omfattar alle produksjonane på garden, fordi det ikkje eksisterer eit heilskapleg tilbod om rådgeving. Eit eksempel på dette er produksjon av svin, fjørfe m.fl. i kombinasjon med planteproduksjon. Desse har ikkje eit tilbod om klimarådgeving per 2022.

## Kapittel 8. Generelle føresegner

### § 19. Utmåling og utbetaling av tilskot

Tilskot blir rekna ut etter satsar som blir fastsett årleg på grunnlag av tilgjengeleg ramme og ferdigbehandla og godkjent søknadsmasse.



#### Kommentar

*Alle satsar i miljøprogrammet er førebelse. Endelege satsar vil bli fastsette innan 4. februar 2022. Det skjer på grunnlag av den økonomiske ramma og søknadsomfanget. I tidsrommet mellom 5. og 18. februar må kommunen gjere endelege vedtak for (attestere) søknadene som skal gå til utbetaling.*

### § 20. Søknad

Søknad skal fremjast på søknadsskjema fastsett av Landbruksdirektoratet. Søknadsfristen er 15. oktober. For tilskot til beitelag er søknadsfristen 15. november.

Dersom søknaden blir motteken etter fristen, vil det tildelte tilskotet bli redusert med 1 000 kroner per dag, rekna frå utgått frist og i inntil 14 dagar. Søknader som kjem inn seinare enn 14 dagar etter fristen, vil bli avvist. Innvilga tilskot blir utbetalt til det føretaket eller beitelaget som fremja søknaden. Tilskotet kan ikkje overdragast til eige eller pant.

### § 21. Administrasjon, dispensasjon og klage

Vedtak om tilskot blir fatta av kommunen. Statsforvaltaren kan etter søknad i særlege tilfelle gje dispensasjon frå føresegnene i denne forskrifta.

Vedtak fatta av kommunen kan klagast<sup>2</sup> til Statsforvaltaren. Vedtak fatta av Statsforvaltaren i første instans kan klagast til Landbruksdirektoratet.

#### Kommentar

*Det kan berre gjevast dispensasjon frå krav i forskrifta. Det betyr at det ikkje kan gjevast dispensasjon frå tilskotssatsar, soner eller registreringsdato. Det blir vist til Rundskriv 2021-13 frå Landbruksdirektoratet, § 47 som omhandlar dispensasjon.*

### § 22. Opplysningsplikt og kontroll

Føretak som søkjer tilskot, pliktar å gje alle opplysningar som kommunen, Statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet finn nødvendig for å kunne forvalte ordninga.

Kommunen, Statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet kontrollerer at utbetaling av tilskot er rett. Søkjaren pliktar å utlevere all bokføring, korrespondanse og noteringar som vedkjem tilskotet. Opplysningar gitt i samband med søknad om tilskot kan også kontrollerast ved teljing og måling på dei eigedomar som føretaket nyttar i drifta.

Det blir vist til Rundskriv 2021-13 frå Landbruksdirektoratet, § 48.

### § 23. Avkorting av tilskot

Dersom føretaket aktaust eller forsettleg driv eller har drive verksemda si i strid med anna regelverk for jordbruksverksemd, kan heile eller deler av det samla tilskotet til føretaket bli avkorta. Det same gjeld dersom føretaket har gitt feil opplysningar i søknaden slik at søkjar eller andre har fått eller kunne fått feilaktig utbetalt tilskot.

---

<sup>2</sup> Jf. lov av 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven) kap. VI.



Tilskotet kan også bli avkorta dersom føretaket

- Ikkje held dei fristar som kommune, Statsforvaltar eller Landbruksdirektorat har sett for å kunne oppfylle sine kontrolloppgåver etter § 22,
- Ikkje har gyldig gjødslingsplan, jf. Forskrift om gjødslingsplanlegging,
- Ikkje har ført plantevernjournal.

Det blir vist til Rundskriv 2021-13 frå Landbruksdirektoratet, § 49.

Det er naturleg å bruke dei same normene for avkortingsnivå i denne ordninga som for produksjons-tilskot, jf. Forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket med tilhøyrande rundskriv.

#### **§ 24. Tilbakebetaling og renter m.v.**

Dersom føretaket som følgje av manglande oppfylling av vilkår i denne forskrifta eller av andre grunnar har motteke ei utbetaling som ikkje er berettiga, kan det feilaktig utbetalte beløpet krevjast tilbakebetalt frå mottakaren eller motreknast i seinare tilskotsutbetalingar. Tilsvarende gjeld differansen mellom utbetalt beløp og redusert tilskot som følgje av vedtak om avkorting etter § 23.

Det kan krevjast renter for tilbakebetalingskrav, dersom kravet ikkje blir innfridd ved forfall. Ved grov aktløyse eller forsett kan renter krevjast frå tidspunktet for utbetalinga av det urettmessige tilskotet. Storleiken på renta følgjer rentesatsen fastsett med heimel i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forseinka betaling m.m.

Krav frå offentlig myndigheit som har utgangspunkt i føretaket si jordbruksverksemd, kan motreknast i seinare tilskotsutbetalingar til føretaket.

Det blir vist til Rundskriv 2021-13 frå Landbruksdirektoratet, § 50.

#### **§ 25. Iverksetjing**

Forskrifta vart sett i verk 6. juli 2021, og erstatta forskrift 19. mai 2019 nr 641.

Spørsmål om Regionalt miljøprogram for Møre og Romsdal kan rettast til kommunen eller Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

Med helsing

Marianne Aas Halse (e.f.)  
fagleiar

Andreas Lilleheier Aarset  
Rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*